

Estlands-nytt

Utgitt av Norsk-estisk forening

Tartu Norra selts – Norsklaget i Tartu

Sidan 18. mai 1992 har det eksistert ei aktiv norsk forening i Tartu. Initiativtakar var lektor i journalistikk ved universitetet, **Epp Lauk**, og ho hadde fått med seg andre frå sitt eige institutt og frå andre avdelingar ved universitetet.


Det hadde lykkast å få på plass to prominente gjester: **Ingrid Rüütel**, kona til dåverande president Arnold Rüütel, og **Brit Løvseth**, den første norske ambassadøren til Estland etter det nye sjølvstendet.

Skipingsmøtet var annonsert i radio og aviser og interesserte strøymde til så lokalet var fullstappa. Folk stod tett i tett slik at dei siste ikkje kom lenger enn til dørøpningane.

Lektor i norsk, **Oddvar Støme**, og studentane hans stod for ein del av programmet og kom til å utgjera ein viktig del av medlemsmassen. Professor i tysk, **Karl Lepa** vart vald til leiar då styret konstituerte seg. Også Støme sat i styret frå starten av.

Norsklaget har sett det som den viktigaste oppgåva å utvikla sambandet med

(Fortsetter side 6)



Estlands-nytt

Allment tidsskrift for Estlands-interesserte

Utgever: Norsk-estisk forening

Adresse:

Estlands-nytt

c/o Harald Ryeng

2162 Brårud

Ansvarlig redaktør:

Harald Ryeng

2162 Brårud

Tlf.: 63 90 93 37

Fax: 63 90 92 73

e-mail: haryeng@online.no

Redaksjonsmedlemmer:

Turid Farbregd

Granvägen 14 A

SF - 00270 Helsingfors

Tlf.: 00358-94771488

Ivar Otto Iversen

Dagbov. 24

1406 Hebekk

Tlf.: 64 87 17 58

Redigering/layout av dette nr.:

Else-Jannike Johansen

Vækerø Terr. 10 B

0282 Oslo

Tlf.: 22 50 63 86

Redaksjonen avsluttet 11. september

1997. Stoff til neste nummer må

være redaksjonen i hende

senest 31. oktober 1997.

Tegningen på forsiden av universitetet i
Tartu er laget av Tiina Kliiman.

Innhold

Fra foreningens leder	4
Nordisk - baltisk kontakt om stadnamn	9
Skoleprosjektet	9
Luftfart-samarbeid Norge - Estland	10
Gratulerer Tartu Norra Selts!!!	13
Estland i EU og NATO?	14
Kulturstoff	18
Bøker	19
Historisk begivenhet i historiske omgivelser	22
Om idrett	24
EEK fem år	27
Konkurs-ras	27
Utan representasjon	28
Forskjell på folk	29
Toll	29
Notiser fra Estland	30



Fra redaktøren

Estlands-nytt er nå kommet ut to ganger i løpet av et halvt års tid. Vi har fått positiv respons fra styret i Norsk-estisk forening, og vi begynner så smått å bli fornøyd med det vi har fått til, men vi savner innlegg fra medlemmene.

Det er rundt 300 medlemmer i foreningen, og det er bare 3-4 blader som ikke er kommet frem på grunn av feil adresse. Det betyr at medlemslistene/adresselistene våre er effektive. Det er fint om medlemmene husker å meddele NEF om flytting slik at vi kan fortsette å ha kontakt med dere. Dersom dere har venner/bekjente som virker interesserte i foreningens arbeid, og som kunne tenke seg å bli medlem, ta kontakt så skal vi sende dere ekstra eksemplarer som kan deles ut. Bladet blir trykket i ca. 1000 eksemplarer så vi har noen å gi til andre som ønsker å lese det.

Det siste nummeret er et uttrykk for den grafiske kvaliteten vi ønsker å legge oss på foreløpig, selvsagt med litt finpuss på feil og mangler som oppstod. Det viktigste er å spre informasjon om Estland og estiske forhold og det samkvem som vi i Norge har med landet. Så får det superflotte grafiske komme i annen rekke. Å gjøre mer ut av det er selvsagt mulig, men det krever en god del ekstra innsats.

Vi har via lederen i NEF fått nyss om at enkelte er misfornøyd med språkformen i bladet. Til det er å si at i prinsippet er begge de norske målformene likestilte, artiklene trykkes på den målform som de er skrevet på. Det er selvsagt fullt mulig å rette på dette ved å forsyne redaksjonen med mer

stoff på bokmål/riksmål. Det er helt opp til bidragsyterne. Til nå har det meste av stoffet vært levert av Turid Farbregd som er en meget aktiv person i denne sammenheng. Hennes foretrukne skriftlige presentasjonsmåte er nynorsk. Det må vi akseptere. Å få mer balanse er selvsagt fullt mulig. Det krever imidlertid noe også av dere lesere. Det betyr at vi får inn bidrag fra medlemmer og andre skrivevillige. Vær så god, skriv!

Bidrag på estisk tas også imot, men de må da oversettes til et skandinaviske språk da bladet i første rekke tar sikte på norske lesere. Artikler til bladet mottas helst på diskett i et vanlig tekstbehandlerformat.

Hjelp!

Estlandsnytt trenger mer arbeidskraft. Vi er nå en redaksjonsgruppe på fire personer som gjør alt arbeidet med medlemsbladet. Vi får tak i stoffet, redigerer det, setter bladet, skaffer annonser, og distribuerer det.

Alt dette tar tid, og vi ser gjerne at foreningens medlemmer gir oss en håndsrekning med tekster, annonser, og annet arbeid med bladet.

Det hadde vært fint om vi kunne få hint fra/om personer/institusjoner som kan være behjelpelige med å spre bladet til flere enn medlemmene.

Bladets eksistens gir oss en mulighet for å verve nye medlemmer, som igjen gir foreningen større kontaktflate, og informasjonen når flere.

Harald Ryeng

Fra lederen i Norsk-estisk forening

Kjære leser!

Vel overstått sommerferie. Vi har nå snart lagt bak oss noen fantastiske sommermåneder. Men, nå nærmer høsten seg med "storm(?)skritt". Da er det godt å vite at også denne årstiden kan brukes til mange hyggelige og positive opplevelser. Med blant disse hører også foreningens arbeid. Men, det planlagte medlemsmøtet i høst er ikke nødvendigvis alt.

Så vel styret som redaksjonen for tidskriftet ønsker å finne frem til medlemmer, som har tid og overskudd til å ta del i ulike aktiviteter. Med unntak av arbeidet med tidsskriftet har det ikke vært mange muligheter for aktiviteter utenom de faste møtene. Jeg håper at dette er noe vi kan gjøre noe med, men vi er fullt og helt avhengig av tilbakemeldinger fra medlemmer som ønsker å ta del i vårt arbeid.

Foreningen ønsker å finne frem til konkrete prosjekter som kan utføres i så vel Estland som i Norge. Jeg var så heldig å få anledning til å nyte ferien i Estland. Som så ofte på disse reisene treffer jeg mange estere med stor interesse for Norge og nordmenn og nordmenn med tilsvarende interesse for Estland og estere. Dette må jo kunne utnyttes til glede for mange???



Et konkret prosjekt med et enormt potensiale er å begynne å samle informasjon om de tidlige estisk-norske forbindelser, dvs historiske røtter. Det vil kanskje komme som en overraskelse på noen, men det finnes faktisk mange synlige bevis for at det allerede på 1100 tallet var samkvem mellom våre to land. Vi vet

også at det finnes en del litteratur på dette, men så vidt meg bekjent er dette ikke systematisert. Derfor er foreningen meget interessert i å komme i kontakt med alle (så vel medlemmer som ikke medlemmer), estere og nordmenn, som har interesse for å arbeide med dette. Ny teknologi med

internett o l vil naturligvis være til stor hjelp.

Foreningen har behov for å systematisere informasjon om alle de hundrevis at ulike kulturarrangement, studentutvekslinger mv som vi vet eksisterer i dag. Med dette følger en oppfordring til medlemmene om å sende inn slik informasjon til styret.

Til slutt vil jeg fremme et stort ønske om at flest mulig kan delta på medlemsmøtet i høst. Fjorårets møte ble en stor suksess!!

Svein Hagelund

Medlemsmøte

i Norsk-estisk forening

23 oktober kl. 19.00

i

Stortingets

Kjellerstue

Fremmøte ved hovedinngangen.

Alle interesserte er velkommen
til å bli kjent med foreningen!

Nærmere opplysninger: Svein Hagelund på tlf 22 75 14 26

(Fortsetter fra s. 1)

Noreg. Det er arrangert kurs i norsk språk og møte for medlemmer og andre interesserte med eitt eller anna norsk tema. Som døme på vellykka arrangement kan nemnast eit møte der kunsthistorikar Jaak Kangilaski snakka om norsk kunst og eit anna møte der registrøren Jaan Tooming i samband med iscenesetjinga av John Gabriel Borkmann snakka om Ibsen-røynslene sine.

Sidan starten har Norsklaget i Tartu gitt ut eit medlemsblad som hittil har kome med totalt 21 nummer.

Laget har stått bak kunstutstillingar og fått i stand tevlingar som har gått ut på å setja om norske tekster til estisk.

Norske foreiningar i utlandet markerer alltid den norske nasjonaldagen. I Tartu vart dagen i år markert med opninga av ei kunstutstilling med bilete av åtte ulike målarar som hadde nytta norske motiv. Norsk natur har inspirert estiske kunstnarar tidlegare også. I åra omkring 1910 vitja fleire estiske kunstnarar Noreg, den mest kjende var **Konrad Mägi**. Han etterlet seg m.a. fleire arbeid med tittelen "Norra maastik" (Norsk landskap).

Drivkrafta bak utstillinga i Tartu var **Margus Meinart**, tidlegare elev på kunstlina ved Nansenkolen på Lillehammer. Til stades på opninga var også kunstnarane **Virve Serglov**, **Piibe Arrak** og **Aksel Eist**. Dessutan vart det vist arbeid av **Janika Nõmmela**, **Tuuli Silber** og **Katrin Portnov**.

Små norske flagg vart utdelte til alle. For borna var det tevlingar utanfor utstillingslokalet, m.a. i ballkast mot mål. Alle som ville, kunne få norske flagg måla på kinna. Lagsaktivistar

hadde bakt bollar etter norsk oppskrift og selde dei med stor suksess.

Seinare på dagen vart den nye estisk-norske ordboka lansert. Initiativet til den hadde kome frå Gennadi Jagomägi og boka var utarbeidd saman med Turid Farbrege. (Sjå kort bokomtale annan stad i dette nummeret.)

Norsklaget kunne 18. mai feira femårsjubileum og let ikkje det høvet gå frå seg. Det vart halde eit seminar med mange tilhøyrarar og interessante foredrag. Seminarleiaren, **Epp Lauk**, gav først ordet til professor i historie **Helmut Piirimäe**. Han snakka inspirert og inspirerande om utviklinga frå dei første kjende kontaktane mellom estarar og nordmenn og fram til vårt hundreår. Ein interessant person må munken Nikolaus ha vore, han hadde fått opplæring ved klosteret i Stavanger kring midten av 1100-talet og drog tidleg i 1170-åra tilbake til Estland som utsending frå erkebispem i Nidaros.

Lektor **Tor Hanseth** fortalde om erfaringane sine frå dei to åra han har arbeidd som lektor i norsk ved universitetet i Tartu. Godt hjulpet av assistenten **Viiu Astel** hadde han fått fasong og skikk på studiet.

Ein pioner innan norsk-estiske kulturkontaktar i nyare tid, omsetjaren **Turid Farbrege**, fortalde om utviklinga på dette feltet sidan starten av Norsk-estisk kulturlag i 1984.

Lagsleiar **Gennadi Jagomägi** gav eit oversyn over verksemda dei fem første åra. Mest vellykka har kursa i norsk vore, endå om interessa har minka noko samanlikna med den første tida.

Jagomägi meinte ein kunne stilla opp tre hovudtypar av estarar i og

(Fortsetter neste side)

omkring laget. Den første gruppa var ikkje så svært talrik, men gjekk til gjengjeld djupt. Der fann ein kunstelskarar som skaffa seg skikkeleg kunnskap om kulturen og språket, delvis ved å opphalda seg i Noreg. Mellom desse finn vi elevlar frå kunstsulen i Tartu der **Sigrid Kangur** lenge har gitt

lege medlemsmassen – folk som kan ha kulturelle interesser av mange slag og som har vore på turistreise til Noreg eller drøymar om å kunna gjera ei slik reise. Dessverre har også mange medlemmer av denne kategorien svikta laget når dei har fått eigne personlege kontaktar i Noreg.



Lektor i norsk ved Universitetet i Tartu 1995-97, Tor Hanseth, blir tolket til estisk for seminardeltakarane av Viiu Astel.

timar i norsk språk. Sidan har ungdommane gjerne gått på folkehøgskule i Noreg, og fleire har alt hatt suksess som omsetjarar av norsk skjønnlitteratur til estisk, f.eks. **Katrin Portnov**, **Henno Sonn** og **Meelis Joost**.

Neste gruppe var dei som studerte norsk på universitetet og tok den estiske varianten av cand. philol.-eksamen med norsk hovudfag. Dei har m.a. spela ei viktig rolle i utgivinga av medlemsbladet og stiller dessutan opp når laget har arrangement av ymse slag.

Den tredje gruppa er den eigen-

Trass i alle initiativ, alle brev og framstøytar overfor dei estiske foreiningane i Noreg for å få ein beinveges kontakt og samarbeid om felles prosjekt, har resultatet vore null. Seriar av store og små vonbrot i kontaktstrevet var sjølv sagt uendeleg sår for Noregs venner i Tartu. Referenten undrast for sin del om folk i dei estiske foreiningane i Noreg er blotta for folkeskikk når dei ikkje eingong svarar på førespurnadene frå Tartu.

Til slutt snakka ambassadør **Kai**

(Fortsetter side 8)

Olaf Lie om framtidsperspektiva. Han hadde funne det lett å arbeida i Estland på grunn av store kulturelle likskapar mellom landa våre. Begge er vi små nasjonar som har måtta stå på for bevara den nasjonale identiteten.

Som takk for innsatsen fekk kvar av føredragshaldarane eit fullstendig sett med alle dei tjue medlemsblada Norsklaget til den tid hadde gitt ut.

Etter seminaret var det ei samkome med mat og drikke i universitetskafeen der Turid Farbredd fekk




Leiaren for Norsklaget i Tartu, Gennadi Jagomägi, presenterar foreninga si på det estisk-norske kontaktseminaret i Tartu 18. mai.

overrekt brev på æresmedlemskap i foreininga. Ho hadde på si side med seg ei gåve til norsklaget: ein kartong verdifull litteratur til bruk for dei norskkyndige lagsmedlemmene. Laget fekk også to andre æresmedlemmer, Brit Løvseth og Oddvar Støme, men dei hadde diverre ikkje høve til å vera til stades.

Ambassadør Lie overrekte bokgaver som premiering av dei fremste aktivistane i foreininga. Dei fortente var Varje Sootak, Katrin Lendok, Kristiina Püttsepp, Mart Jagomägi, Madis Kanarbik og kulturavdelinga ved universitetsbiblioteket.

Arrangementa i Tartu, både 17. og 18. mai, fekk fin omtale i estisk presse og kringkasting. Sjølv sagt var også medlemsbladet for juni vigd suksessen. Samtidig vart det utlyst tevling for omsetjarar til estisk. Sigrid Kangur hadde vald ut novella "Kledet" av Øystein Lønn for dei som vil prøva seg. Fristen for innsending er sett til 1. oktober.

Det er tredje året på rad at Norsklaget i Tartu står for ei slik omsetjartevling med etterfølgjande seminar ein gong i oktober. No er ambisjonane lagde høgt med lovnad om premiering og publisering av vinnarteksten i litteraturtidsskriftet Looming.



NORDISK-BALTISK KONTAKT OM STADNAMN

AV BOTOLV HELLELAND

Det høyrest kanskje merkeleg ut, men det er faktisk eit samarbeid mellom dei nordiske landa og dei baltiske landa når det gjeld normering og bruk av stadnamn. Samarbeidet føregår innan FN-organisasjonen UNGEGN (United Nations Group of Experts on the Standardization of Geographical Names). Dette FN-organet har vore i gang sidan 1967 og har som føremål å fremja internasjonal standardisering av stadnamn på grunnlag av nasjonal standardisering. I 1992 vart det skipa ein ny "divisjon" med dei baltiske landa, der også Russland og Kviterussland er medlemmer. Fleire av dei nordiske landa har vore representerte på møta i Den baltiske divisjonen, såleis på det møtet som vart halde i Riga 25. april 1997. I samband med dette møtet vart det skipa eit kurs om reglar og bruk av stadnamn. Mellom føredragshaldarane var Helen Kerfoot frå Canada, Randall E. Flynn frå USA, Hans Ringstam frå Sverige, Sirkka Paikkala frå Finland og Bottolv Helleland frå Noreg. Sistnemnde gjorde greie for lov om stadnamn.

Som eit ledd i det nordiske samarbeidet var leiaren for det estiske språkinstituttet, Peeter Päll, invitert til ein Nordisk konferanse om utanlandske namn i Oslo 28.-30. mai i år. Pälls føredrag hadde tittelen "Consequences of

the coexistence of different writing systems in the example of Estonia". Adressa til Peeter Päll er Eesti Keele Instituut, Rooseikrantsi 6, EE-0001 Tallinn. Oslo 2.6. 1997

SKOLEPROSJEKTET (tidligere folkehøgskoleprosjektet).

Kun 5 estiske studenter har søkt om stipend for skoleåret 1997/1998. Utenriksdepartementet har gitt tilsagn om kr 55000, som fordeles mellom studentene.

Vi benytter anledningen til å takke følgende folkehøgskoler (fh) for tilbudet om friplasser for estere: Namdals fh, Fjordane fh, Bakketun fh, Trondarnes frilynte fh og Nordmøre fh. Vi håper flere skoler og studenter fra Estland vil fatte interesse for ordningen neste år!!

Foreningen fikk denne gangen tilsagn på kr 55.000, til prosjektet fra Utenriksdepartementet. Foreningen har fordelt beløpet mellom 5 estiske studenter for skoleåret 1997/98. Vi håper flere estiske studenter vil finne tilbudet interessant neste skoleår og at vi fortsatt får disse pengene, slik at vi klarer å videreføre prosjektet.

Svein Hagelund

LUFFTARTS-SAMARBEID ESTLAND – NORGE

Av Bjarne Nilssen

Den som flyr fra Fornebu til Tallinn tenker i likhet med de fleste andre flyreisende lite på det store apparatet som må til for å få sivil luftfart til å fungere. Det fine ordet er "infrastruktur". Et internasjonalt luftfartsmiljø omfatter alt fra fly og flygere til personale og utstyr på alle nivåer på bakken. FNs internasjonale luftfartsorganisasjon – ICAO – setter en standard på alle fagområder, og en nasjon med luftfartsrespekt for seg selv prøver å følge denne standarden.

Å møte en slik standard var ingen lett oppgave for det selvstendige Estland. Sovjet-russerne hadde bygget ut et system med navigasjonshjelpemidler, kommunikasjon og trafikkledning. Systemet var vesentlig tilpasset det sovjetiske luftforsvarets behov. De fleste komponentene i dette systemet ble tatt med til Russland. Det som sto igjen var for det meste ubrukelig, og ikke i stand til å tilfredsstille ICAOs krav til utstyr for sivil luftfart. Det betydde at det ikke fantes brukbart teknisk utstyr for navigasjon, ikke kommunikasjon eller radarutstyr til bruk i lufttrafikk-tjenesten, ikke utstyr til å foreta meteorologiske observasjoner eller utarbeide værvarsler, ikke sambandsutstyr eller andre hjelpemidler til kunngjøringstjenesten og smått med kvalifisert personell innenfor mange av disse fagområdene. Det fantes for eksempel ingen estiske flygeledere og bare fem prosent estere

blant de flygere i det sovjetiske Aeroflot som fløy på Estland.

All sivil lufttrafikk i Sovjetrepublikken Estland gikk til og fra de øvrige sovjetrepublikker. Så mange som 800 000 passasjerer benyttet disse rutene i 1991. Fem år senere var tallet 40-50 000 passasjerer. For den nye republikken var det altså ikke bare snakk om å etablere infrastruktur, men også å opparbeide nye markeder som kunne betale for denne infrastrukturen.

Estiske myndigheter bestemte allerede i 1992 at landet skulle ha et flysikringssystem etter vestlig mønster. Et av de første prosjektene som kom i gang, var etablering av kunngjøringstjeneste i samsvar med ICAO-standard.

Luftfartsverket i Norge har opprettet et datterselskap kalt Nordic Aviation Resources (NAR). Dette selskapet ble etablert med tanke på teknisk og operativ bistand på området sivil luftfart. Selskapet fikk kontakt med estiske luftfartsmyndigheter når det gjaldt kunngjøringstjeneste, og i løpet av bare 14 dager var et team klart med et prosjekt. Sjef-flygeleder **Reidar Carlsen**, som leder et tilsvarende kontor i Norge, fikk opprettet et internasjonalt såkalt NOTAM-kontor ved flyplassen i Tallinn. Her kan flygere innhente nødvendige informasjon før flyging. Carlsen forteller om mange artige episoder mens en ble kjent med hverandre. En del kulturforskjeller var det unektelig, både forretningsmessige og sosiale! Ikke desto mindre kom kontoret

i orden, og fra estisk hold ble det sagt: "nordmennenes løsninger er forståelige for oss!"

Trond Nordeng, som leder NAR, sier at en gikk inn for at alle prosjektene skulle være synlige, de skulle gjennomføres, og løsningene skulle ikke tres ned over hodet på esterne. Han konstaterer at NAR bare har møtt åpenhet og entusiasme i Tallinn, og at dette har sikret et godt samarbeid. I august 1993 kom en gruppe flygeledere fra Tallinn til Oslo Kontrollsentral, som da lå på Fornebu. På en kort uke skulle de få en innføring i bruken av teknisk/operativt utstyr som avviker svært fra det de var vant til fra sovjet-tiden. De norske flygelederne visste jo



ikke at det på det tidspunktet ikke fantes estiske flygeledere, så man mottok sine "estlandsrussiske" kolleger med en viss overraskelse! Hele oppholdet ble en god anledning til å sette seg inn i situasjonen i Estland, spesielt bakgrunnen for ønsket om selvstendighet for esterne, men også situasjonen for de russere som ønsket å fortsette å bo i Estland og som faktisk trengtes der for å opprettholde en nødvendig tjeneste.

Siden den gang er mange estiske flygeledere utdannet, selv om NAR akkurat på dette feltet ikke har fått flere

prosjekter. Det er rimelig å anta at dette skyldes begrensninger i det norske tilbudet heller enn et ønske fra estisk side om å bruke andre. Luftfartsverket i Norge sliter som kjent også med mangel på flygeledere.

De to nevnte prosjektene blir imidlertid for små å regne sammenliknet med de større tekniske og administrative prosjektene som enten er gjennomført eller står i ferd med å bli det. Det mest synlige prosjektet er en ny flysikringsbygning ved Tallinn flyplass. Bygget, med nytt kontrolltårn på toppen, er delvis tatt i bruk. Installasjonsarbeidene, som omfatter kommunikasjonstutstyr ikke levert gjennom NAR, har tatt noe lengre tid enn opprinnelig planlagt.

I tillegg står NAR for ombygging av terminalbygningen i Tallinn. Den bygges nå for å ta to millioner passasjerer i 2015. Den opprinnelige terminalbygningen ble bygget i forbindelse med utviklingen av seilingen under de olympiske leker i 1980. Senere ble den brukt som innenriksterminal, men bygningen er dårlig egnet til bruk for internasjonal trafikk. Dette er et stort prosjekt med mye penger og prestisje involvert på begge sider. En interessant del av prosjektet gjelder miljøproblemer ved flyplassen. NAR håper å bidra til løsninger på dette området, særlig når det gjelder drikkevann. Det er ikke langt fra flyplassen til Tallinns drikkevannsreservoar.

Uten å gå i inn på for mange tekniske detaljer, må det også nevnes at NAR er ansvarlig for en total utviklingsplan for lufthavnen. Planen omfatter blant annet en vurdering av brann- og havari-tjenesten og behandling

av frakt.

Når det gjelder penger, så startet samarbeidet gjennom en bevilgning fra Utenriksdepartementet på 5.3 mill. kroner. I begynnelsen var prosjektene totalfinansiert fra norsk side, men esterne betaler nå en stadig større andel. Pengene går til å betale norske eksperter og til å kjøpe norsk utstyr. Rundt ti mill. kroner er hittil brukt i Estland gjennom NAR, og 5-6 mill. til ventes investert fram til århundreskiftet.

Det norske engasjementet i Estland henger sammen med det estiske ønsket om å bedre flysikkerheten i det området landet har ansvaret for. For eksempel har luftfartsmyndighetene i løpet av få år fått utdannet og videreutdannet flygeledere som kan bruke det avanserte utstyret i den nye kontrollsentralen og det nye kontrolltårnet. Estland arbeider nært sammen med den europeiske luftfartsorganisasjonen EUROCONTROL og deltar nå på lik linje med andre land i arbeidet i det fagpolitiske forum European Civil Aviation Conference (ECAC).

Det estiske-norske samarbeidet i sivil luftfart har selv sagt sitt faglige innhold. I tillegg har det utviklet seg mange hyggelige personlige relasjoner, som begge parter har glede av. Vi ser fram til fortsatt godt samarbeid!

Artikkelforfatter Bjarne Nilssen er utdannet flygeleder (1965) og arbeider nå som flygeleder og vaksjef ("supervisor") ved Luftfartsverkets kontrollsentral i Røyken. Han kom med i Norsk-Estisk kulturlag i sin tid og har siden trofast betalt sin kontingent i foreningen. Han var leder for det kurset for flygeledere fra Tallinn som gikk i Norge i 1993.

ESTLANDSFORENINGEN I ROGALAND

Estlandsforeningen ble stiftet i 1989 og har ledet og koordinert en mengde kontakt- og utvekslingsprosjekter mellom Estland og Norge.

De siste årene har foreningen konsentrert seg om Nordpraktik, med opptil tre grupper av estere i praksis i næringslivet i stavangerområdet hvert år. Neste gruppe ankommer Stavanger i slutten av september for å bli i ca. fire uker.

Styret består for tiden av:

Harald Hamre, leder
tlf. jobb 51 52 60 35
fax. jobb 51 52 93 80
tlf. priv. 51 52 23 48

Torild Ånestad tlf. jobb 51 56 87 64

Randi Skotheim tlf. jobb 51 50 12 90

Willy Jensen tlf. jobb 51 52 25 20

Estlandsforeningens postadresse er:
Postboks 581
4001 Stavanger

Harald Hamre



Gratulerer Tartu Norra Selts!!!



Vår kjære søsterforening i Tartu kan feire sitt 5 års jubileum. I sommer feiret de seg selv med mange gjester; ambassadør Lie, Turid Farbrege med mange flere. Det ble arrangert en kunstutstilling og mange andre aktiviteter for store og små. Med sin nære tilknytning til universitetet (med lektor i norsk) og med meget god hjelp fra nordisk ministerråds kontor klarer foreningen å opprettholde interessen for Norge og norsk språk og kultur i denne flotte byen.

Jeg besøkte lederen av foreningen, Gennadi Jagomägi i sommer og vi hadde mye å prate om. Det må ærlig innrømmes at det må arbeides iherdig for å opprettholde interessen for Norge i Tartu. Siden foreningen startet har så vel medlemstallet som aktivitetsnivået sunket. Tartu Norra Selts trenger vår hjelp og støtte til å finne kontakter i Norge. I tillegg er det et stort udekket behov for norsk litteratur mv. Men først og fremst ønsker de besøk og etablering av samarbeidsprosjekter.

Denne saken vil vi arbeide med utover høsten og jeg ville persolig bli meget glad om noen kunne bidra i denne anledningen.

Svein Hagelund

Estland i EU og Nato?

Av Turid Farbregd

Møtet mellom presidentane **Boris Jeltsin** og **Bill Clinton** i Helsingfors i mars gjorde baltarane svært urolege. Når dei store sit saman og et kirsebær, tyder det vanlegvis ikkje noko godt for dei små. Baltarane har bite røynslar med Molotov-Ribbentrop-avtalen som delte Europa i russiske og tyske interessesfærar og let Baltikum tilfalla Sovjet.

Estland har etter oppnådd sjølvstende gått med i alle moglege og umoglege internasjonale organisasjonar i eit brennande hastverk etter å knyta flest mogleg band til resten av verda for å kjenna seg tryggare i forholdet til Russland. Desse avtalane er det truleg berre datamaskinane rundt om i departementa som greier å halda tal på og oversyn over. Men somme er viktigare enn dei andre, og øvst på lista saman med Nato har den estiske regjeringa plassert EU.

På Nato-toppmøtet i juli vart i første omgang berre Polen, Tsjekkia og Ungarn utpeikte som Nato-kandidatar som det skal først forhandlingar med. Døra vart likevel stilt på gløtt for fleire i framtida, og Baltikum vart nemnt spesielt.

Danmark aktiv for Estland

Etter Island var Danmark i 1991 den første til å anerkjenna dei baltiske statane. Og Danmark har vore meir aktiv og har investert meir enn Noreg. Delvis kjem sjølvstendte seg av at

Noreg har Russland som grensenabo og har funne det naturleg å setja inn meir ressursar på Kolahalvøya og dei andre områda i nord. Graden av dansk engasjement har likevel vore påfallande stor slik at det er lagd merke til og er ein vesentleg komponent i den utanrikspolitiske profilen Danmark har bygd opp dei siste åra.

Det var sikkert heilt fortent at president **Lennart Meri** på ein pressekonferanse etter det oppmuntrande vedtaket i Nato høgtidleg takka den danske regjeringa og det danske folket for støtta til Baltikum. Noreg nemnde han i den samanhengen ikkje med eit ord, og det var sikkert også som fortent.

Aftenposten refererer 10. juli i år ei utsegn frå den svenske utanriksministeren **Lena Hjelm-Walle** om at "USAs utenriksminister **Madeleine Albright** hadde skrytt uhemmet av danskenes innsats for balterne. Danskene hadde etter den amerikanske utenriksministerens mening ledet kampen for balterne så bra at USA bare kunne lene seg tilbake i stolen."

EU-forhandlingar

Europakommisjonen vedtok 15. juli å invitera Polen, Tsjekkia, Ungarn, Slovenia, Estland og Kypros til forhandlingar om medlemskap i EU. Dette førte til stor jubel på mange hald i Estland. "No blir vi endeleg rekna som ein vestleg stat," var kommentaren til tidlegare utanriksminister **Sim Kallas** som rekna med at Estland ville vera medlem om 5-7 år. Glad og stolt var også noverande utanriksminister **Toomas Hendrik Ilves**, men han minte om at forhandlingar ikkje er det same som

medlemskap. Statsminister **Mart Siiman** såg forhandlingsvedtaket som ei støtte til den politikken Estland fører og hevda at det også forpliktar til fortsatt innsats; medlemskapen kjem ikkje av seg sjølv. Ei demokratisk utvikling i Russland vil vera den beste garantien for tryggleik og stabilitet i Baltikum. President **Lennart Meri** oppmoda til å driva på for innan utgangen av året å overtyda alle EU-landa om at Estland var skikka for medlemskapsforhandlingar. Presidenten hevda også at Estlands siger var ein siger for Baltikum og trudde Latvia og Litauen også ville ha

spekt for menneskerettane osv. Estland held mål sjølv om det også finst problem å peika på. Parlamentet fungerer tilfredsstillande og opposisjonen slik den skal. Hæren, dei hemmelege tenestene og politiet står under sivil kommando.

Ein veikskap er skorten på utdanna lovkyndige tenestemenn fordi lønnsnivået ligg mykje høgare i privatsektoren. Også innan politiet trengst det forbetringar.

Eigenleg er det vanskeleg å vurdere kor effektivt rettsvesenet er. I og for seg er lovene rette og bra, men praksis er usikker av den brotne tradisjonen og man-

	Innb. i mill.	Inflasjon 1996	Arb. løyse	BNP sml. m. gj.snitt i EU
Polen	38,6	15,3 %	14,3 %	31 %
Ungarn	10,2	18,5 %	11,0 %	37 %
Tsjekkia	10,3	6,7 %	3,9 %	55 %
Slovenia	2,0	9,9 %	9,9 %	59 %
Estland	1,5	23,0 %	2,2 %	23 %
Kypros	0,64	4,2 %	3,1 %	

nytte av det som hadde skjedd.

Likevel var det for Latvia og Litauen eit stort vonbrot at dei ikkje fekk det same tilbodet som Estland. Frankrikes president, **Jacque Chirac**, har sidan kome med utsegner av same slaget: det var politisk uklokt å gi dei tre baltiske landa ulik behandling.

Medlemskriteria

Både politiske og økonomiske kriterium ligg til grunn når eit land blir vurdert i medlemssamheng. Dei politiske går på demokrati, rettsvesen, re-

gel på erfaring. Så mykje som 95 % av dommarane er nye etter sjølvstendet 1991.

Offisielt gjeld dødsstraff framleis, men justisdepartementet har lova å avskaffa den innan februar neste år. Folk flest meiner at dødsstraffa bør stå ved lag for å bremsa på kriminaliteten. Dessutan kostar det EEK 5000-7000 per måned å halda ein fange i fengsel. Det er monaleg meir enn dei fleste vanlege ærlege estarar kan drøyma om å disponera.

Ingen undertrykt minoritet

Alle fastbuande i landet har røys-

terett i lokalval – der går Estland lenger enn fleire EU-land – men det strengt estisk statsborgarskap for å bli partimedlemmer og for å stilla som kandidat ved vala.

Prosentdelen ikkje-estlarar i landet er så høg som 35. Av desse er om lag fjerdeparten utan estisk statsborgarskap anten fordi dei ikkje har vilja ha det eller fordi dei ikkje har fått det. Russarane utgjer den klart største gruppa.

Statsborgarskap føreset at ein greier ei prøve som kontrollerer kunnskapen i estisk språk og historie og kjennskapen til sider ved samfunnssystemet. Kommissjonen tykte opplæringa var dårleg organisert. Fleire land, mellom dei Noreg, støttar prosjekt med det føremålet å integrera dei såkalla minoritetane i det estiske samfunnet.

Verken russarar eller andre får rettane sine trakka på. Kommissjonen fann heller ikkje store problem i samkvemet mellom estarar og russarar.

Investeringar

Estland er framleis eit fattig land sjølv om nasjonalproduktet dei siste åra har vore i rask vekst. Folketalet på 1,5 millionar utgjer 0,4 % av det totale folketalet i det noverande EU, men produksjonen er 0,1 % av bruttonasjonalproduktet i EU. Landbruket i Estland står for 7 % av bruttonasjonalproduktet, så problema med overproduksjon vil ikkje auka noko særleg om denne småstaten går inn i unionen.

Dei utanlandske investeringane er livsviktige. Stagnasjonen på det feltet kan bli forandra til ny vekst ved utsiktene til estisk EU-medlemskap. Utanrikshandelen viser stort underskot som må

balansera med utanlandske investeringar og avkastinga av turisttrafikken. Dei relativt låge lønnene og aukande medvit om kvalitet gjer Estland konkurransedyktig.

Utdanning, forskning og elektroteknikk er mellom dei sterke sidene. Internet-tilknyting er vanlegare i Estland enn i fem av dei noverande EU-landa.

Minussida

Minus for Estland er store problem med miljø, forbrukarvern, kriminalitet, svakt administrasjonsapparat, fattigdommen i dei austlege delane av landet. Offisielle tal frå Estland viser ikkje særleg stor arbeidsløyse, men den finske avisa Helsingin Sanomat meinte 21.7. at etter internasjonale utrekningmåtar låg arbeidsløysa på 11,6 % ved siste årsskifte.

Litt overraskande var det kanskje at Estlands austgrense ikkje vart nemnd. Kommissjonen såg ikkje den som noko problem fordi det mellom Estland og Russland er forhandla fram ei løysing. Det er semje om kvar grensa går, og grensa blir overvakt. Det einaste som manglar, er ratifisering på russisk side.

Kommissjonen drøfta også kostnadene i samband med estisk EU-medlemskap. Utgiftene kan ha vore ei av årsakene til at døra vart sett på gløtt for berre eitt baltisk land i første omgang. Prisen vart rekna til om lag 2,5-3,5 milliardar norske kroner.

Donner-rapporten

Den finlandssvenske forfattere, filmmannen og politikaren **Jörn Donner** vann med stort fleirtal i EU-

Sverige då det vart røysta over kven som skulle rapportera om kor godt Estland er tilpassa medlemsvilkåra i unionen. På førehand meiner Donner at dei største problema er inntektskløfta i høve til EU-gjennomsnittet og den trege integrasjonen av russarane. Over 100 000 personar busette i Estland er russiske statsborgarar, nær ein kvart million er statslause.

Donner-rapporten vil ikkje kunna bety særleg mykje, for i prinsippet er det vedteke å gå i gang med medlemsforhandlingar, men det formelle og endelege vedtaket om dette kjem først 3. desember i Luxemburg, så estarane har ikkje lagt seg på laurbæra enno.


Russarane ivrige

Om forhandlingane kjem i gang neste år, kan Estland bli EU-medlem om ca. fem til sju år.


Ei gransking vekebladet Luup publiserte i juni, viste at mange estarar var skeptiske til EU-medlemskap. Motstandarane utgjorde 24 %. Russarane i Estland har derimot få motforestillingar og av dei var berre 5 % imot medlemskap.

Dei som talar for medlemskap, ser føremonen i auka tryggleik og ventar snøggare utvikling og større økonomisk stabilitet innanfor enn utanfor. Motstandarane er mellom anna urolege for jordbruket og sjølvstendet. Liksom i andre land er det fleire kvinner enn menn som er imot. Folkemeininga kjem elles ikkje til å ha noko å seia, for styresmaktene reknar ikkje med å halda folkerøysting i denne saka.

Artikkelen bygger på estiske, norske og finske aviser. Den er skrevet 31.7.97.



Gammelt fotografi av Jaani kirik (Johanneskirken) fra 1300-tallet. Dette er den eldste bygningen i Tartu, en perle i Nord-europeisk teglstensarkitektur. Den blir nå restaurert.



Den finsk-ugriske folklørefestivalen vart i år halden i Estland 17.-21. juli med opning i Tartu.

I heile verda finst det om lag 26 millionar finsk-ugriarar. Av dei mange ulike folkeslaga var det berre to som for ti år sidan danna eigne statar, nemleg Finland og Ungarn. Sidan er Ungarn frigjort frå sovjetisk kontroll og Estland har gjenoppstått som stat.

Dei fleste andre bur i små konsentrasjonar eller spreidde over store område i Russland – samane som minoritetar i dei nordlege delane av Noreg, Sverige og Finland.

Tilsvarande festivalar var haldne fem gonger tidlegare, i Mari, Komi, Mordva, og i dei autonome områda Handi-Mansi og Permi-Komi. Arrangementet var tenkt å vera årleg, men økonomiske problem la hindringar både i 1994 og 1996.

Festivalen i Estland var den første utanfor Russland, og blant dei 240 deltakarane var alle dei finsk-ugriske folka representerte. Den estiske staten gav m.a. støtte i form av gratis visum som likevel betydde lite i forhold til dei store summene deltakarane måtte ut med på den russiske sida for pass og utreiseløyve.

Mange stader i Estland vart vitja av handiar, mansiar og andre fjerne slektningar som song og dansa og presenterte folkloristiske smakebitar heimanfrå samtidig som dei på turneane sine rundt om i Estland vart kjende med

estiske særdrag. Eitt av måla var å skapa direkte band mellom individ og grupper som kunne halda kontakt med kvarandre i framtida. (TF)

Sommarfestivalar

Også i Estland har festivaalkulturen spreidd seg til alle delar av landet. For kvart år blir det berre fleire og fleire arrangement. Stundom er det også eit fråfall. Den store og banebrytande Rock Summer melder no pass etter at publikum svikta i år.

Ungdommen satsar pengane sine på Michael Jackson som kjem til Tallinn i august. På kort tid vart det seld 80 000 billetter, og ettersom prisen er dryg for estiske pengepungar, blir det lite igjen til andre. (TF)

Baltisk kultursenter

Stockholm, Riga, Tallinn og Vilnius har kome til semje om at Hässelby Slott i Stockholm blir vert for eitt nytt baltisk kultursenter. Det skal fungera som ei plattform for kulturell utveksling mellom institusjonar, organisasjonar, individ og grupper i Baltikum og Norden. (Nordens Tidning nr. 2/97, TF)



Jan-Ivar Byrkjemoen:



BØKER

Turid Farbrege – Gennadi

Jagomägi: *Eesti-norra sõnastik. Estisk norsk ordliste.* Ilmamaa, Tartu 1997. 150 s. ISBN 99-821-57-2.

Det er intet mindre en en begivenhet at vi nå har fått den første lille ordboka mellom estisk og norsk.

gir ferdige uttrykk og setningsdeler og innbyr til aktiv bruk av språket.

Boka har en omfattende par-lørdel. Med sitt A5-format får den ikke plass i normale lommer, men kan være en hyggelig reiseledsager likevel både for estere og for nordmenn. Og som toppen på kransekake er det satt inn en språklære som på estisk gjør rede for grunntrekkene i norsk grammatikk. Det må være et funn for den norskinteresserte esteren.

Noen feil og svakheter blir forhåpentligvis rettet i neste utgave. Alle brukere oppfordres til å sende inn rettelser og forslag.

Estlandsnytt har brakt på det rene at den ene forfatteren av ordboka,



Turid Farbrege og Gennadi Jagomägi

Beskjedent nok kaller den seg "ordliste" og gjør i forordet oppmerksom på at omfanget bare er på drøyt 5000 oppslag fra det sentrale ordforrådet. Dette tallet sier ikke hele sannheten, for boka inneholder store mengder eksempler som

som er norsk, har sagt fra seg alle inntekter av salget. Hennes andel går uavkortet til arbeidet i Norra selts Tartus (Norsklaget i Tartu). Denne foreningen (som blir omtalt et annet sted i dette nummeret) gir blant annet ut et infor-

masjonsblad med mye stoff om Norge, og den arrangerer – i den grad det er mulig – kurs i norsk språk for sine medlemmer og andre interesserte.

Med andre ord: ved å kjøpe boka kan du lære mye om estisk språk, og dessuten støtter du en viktig sak. I Norge er boka i hvert fall til salgs i Akademika og Norlis Bokhandel i Oslo. Det går også an å kontakte Turid Farbredd. Hennes adresse står oppført blant redaksjonsmedlemmene på side to i dette tidsskriftet.

Tiiu Anderson – Kristin Gulbrandsen Schwede – Katrin Klein: *Eesti-norra vestmik. Estisk-norsk parlør.* Ilo, Tallinn 1995. 184 s. ISBN 9985-57-039-1.

Denne parløren er tidligere ikke viet noen interesse fra vår side. Det kommer seg først og fremst av at den ble utgitt i den perioden da de estlandsinteresserte ikke hadde noe eget talerør i Norge.

Boka er i lommeformat og lett å ta med seg. Den inneholder massevis av ord og ferdige uttrykk fra forskjellige felt som turisten kan ha bruk for.

Vi ser fram til andre og reviderte utgave av denne parløren. Den har mange fine anslag og de aller beste intensjoner. Dessverre inneholder den første utgaven mengder av trykkfeil, språkfeil og unorsk språkføring. Alle bøker inneholder feil, men her er det absolutt for mange av dem.

BØKER OG GRAFIKK

NEF besitter en del estiske bøker og noen grafiske blad som vi vil tilby våre medlemmer. De grafiske bladene kan fås kjøpt ved henvendelse til styret. Bøkene, de fleste på estisk og noen på norsk, kan likeledes fås kjøpt av NEF. Desverre har vi ikke ennå noen fullstendig liste.

Her er de norske/svenske oversettelsene:

Vivi Luik, *Den sjuande fredsvåren*
Jaan Kaplinski, *Same hav i oss alle*,
diktsamling

Jaan Kaplinski - Kaljo Põllu, *Barn av vind og vatten*, en presentasjon av grafikerens Põllus bilder.

Varulven og andre estlandske eventyr.



EstLine

FERGERUTEN MELLOM STOCKHOLM OG TALLINN

**M/S REGINA BALTICA AVGÅR FRA STOCKHOLM
ANNENHVER DAG KL. 17.00**

**VI ER OGSÅ BEHJELPELIGE MED
HOTELLOVERNATTINGER,
STUDIETURER, SKOLEREISER,
GRUPPEREISER OSV.**

EstLine



**C/O VIKING REISER A.S
GRENSEN 9A 0159 OSLO
TELEFON: 22 42 72 22 FAX: 22 42 03 93**

HISTORISK BEGIVENHET I HISTORISKE OMGIVELSER!

Doktorgradsdisputas ved Institutt for journalistikk, Universitetet i Tartu.

Av Bjarne Skov

Torsdag 19. juni 1997 ble en historisk dag for lektor **Epp Lauk** selv, for Institutt for journalistikk, og for Det samfunnsvitenskapelige fakultet ved Universitetet i Tartu. Da forsvarte hun nemlig sin avhandling "Historical and Sociological Perspectives on the Development of the Esto-



*Epp Lauk fra Tartu universitet -
norskkydning ekspert på estisk presse*

nian Press" for den filosofiske doktorgraden (PhD). Dette er den første doktorgraden ved Institutt for journalistikk på over 25 år, og utgjør dermed atter en milepæl i universitetets rike historie, som strekker seg tilbake til grunnleggelsen i 1632.

Begivenheten var gledelig også for oss nordmenn, siden professor **Svennik Høyer** fra Institutt for medier og

kommunikasjon, Universitetet i Oslo, har vært Epp Lauks veileder på avhandlingen, og hun selv har tilbrakt mye tid i Oslo under skrivingen av prosjektet.

Avhandlingen er et ekte pionerarbeid idet den gir den første systematiske oversikt og periodisering av estisk journalistikk gjennom tidene, og samtidig gir innsikt i et annet hittil lite belyst tema i Estland: profesjonalisering av journalistyrket. Avhandlingen er skrevet i sammenlignende perspektiv, i forhold til både øst- og vesteuropeisk mediehistorie. Da Epp Lauk er særdeles språkmektig, inneholder avhandlingen referanser til artikler og publikasjoner på ikke mindre enn sju forskjellige språk, med spennvidde fra ungarsk til norsk! Epp Lauk stadfester hermed sin posisjon som internasjonal forsker, noe begge de finske opponentene til avhandlingen la stor vekt på i sine bedømmelser.

Avhandlingen er oppbygd som en samling av tidligere publiserte vitenskapelige artikler, og en større introduksjon som binder artiklene sammen, og gir de nødvendige generaliseringer og konklusjoner. En interessant konklusjon er at estiskspråklige medier har hatt en mye større betydning i estisk historie og for kulturelle forhold der enn f.eks. norskspråklige medier har hatt i Norge. Måten de bidro til å bygge opp nasjonen og til nasjonal overlevelse under ulike undertrykkende regimer har vært unik. Fra midten av det 19. århundre bidro de

estiskspråklige mediene til å frigjøre og konsolidere en estisk intelligentsia og til å bringe esterne inn i den (vest-europeiske kulturelle sfære.

Avhandlingen påviser at denne gode tradisjonen i estisk presse, til forskjell fra situasjonen i de fleste andre postkommunistiske land, gjorde at journalister her hadde mulighet til å være autonome ved overgangen til selvstendigheten i 1991, og kunne holde distanse til politiske og statlige strukturer. Andre årsaker til denne særestiske utviklingen er at politikerne har gitt slipp på kontrollen over radio og fjernsyn. Videre at det begynte et stort antall unge og uerfarne journalister i mediene da selvstendigheten kom. Det kom dermed ikke til noen stor konflikt mellom den "gamle og nye garde" av journalister i Estland, siden den nye garde var i solid flertall fra starten.

Førsteopponenten, professor **Raimo Salokangas** fra Universitetet i Jyväskylä, fremholdt i sin avsluttende kommentar at man i avhandlingen ser grunnlaget for et enda større forskningsprosjekt, nemlig en fullstendig estisk mediehistorie. Når vi vet at Professor Salokangas selv er medforfatter til en 10-binds finsk journalistikkhistorie, og selv har utgitt en stor, finsk kringkastingshistorie, kan dette bare oppfattes som en uforbeholden anerkjennelse av Epp Lauk som forsker.

Selve disputasen ble ledet av dekanus for Det samfunnsvitenskapelige fakultet, og inneholdt en eksaminering av kandidaten ved annenopponent, dosent og seniorforsker **Terhi Rantanen** fra Institutt for kommunikasjon ved Helsingfors Universitet, og et etterfølgende møte i en etter norske

forhold meget stor komité, som fastsatte resultatet. I henhold til både første- og annenopponentens anbefalinger ble dette "cum laude". Estiske doktorgrader bedømmes i motsetning til norsk, med karakterer i en skala med fire nivåer. Den beste karakteren kan sammenlignes med 1.0 i det norske universitetssystemet, og gis nesten aldri. "Cum laude" er dermed det beste av de nivåene som er i praktisk bruk.

Mange utenlandske og estiske tilhørere hadde møtt fram, og etterpå var det mottakelse for alle i kafeen "Sophokles" i kjelleren i universitetets ærverdige hovedbygning. Både kolleger og familiemedlemmer overleverte etter estisk skikk mengder av blomsterbuketter og rosende ord til kandidaten.

Dersom noen skulle ønske å lese selve avhandlingen, som i hovedsak er på engelsk, er denne tilgjengelig ved Universitetet i Tartu i skriftserien "Dissertationes de mediis et communicationibus" nummer 1 (!), og kan bestilles fra Tartu University Press, med adresse Tiigi 78, EE-2400 Tartu.

Bjarne Skov er studiekonsulent ved Institutt for medier og kommunikasjon, Universitetet i Oslo, og administrativ koordinator av dette instituttets baltikumprogram. Estlandsnytt ser fram til flere bidrag fra Skov og også fra dr. philos. Epp Lauk som i sommer har tatt kurs i norsk, trinn III ved Sommeruniversitetet i Oslo.



Friidrett

Vebjørn Rodal, Geir Moen, Steinar Hoen og dei andre spreke friidrettsgutane våre greidde ikkje å halda på plassen i den europeiske superligaen. I tevlingane som vart haldne i München i juni kom Noreg og Hellas på sjuande og åttande plass og rykkjer dermed ned ein divisjon til neste år.

Estland kunne kanskje nådd ganske høgt i ei slik tevling om dei hadde stilt med mangekjempingane sine i dei fleste øvingane. I mangekamp er nemleg Estland ei sann stormakt.

Dagane 29.-30. juni vart det i Tallinn arrangert tikamptevlingar for lag i den europeiske superligaen. Estland (23 859 poeng) tok då andreplassen etter Tsjekkia (24 416). Deretter følgde: 3) Ungarn, 4) Tyskland, 5) Sveits og 6) Frankrike. Individuelt kom **Erki Nool** på andreplass og **Indrek Kaseorg** på femte. Estaren **Ramon Kaju** hoppa 2,25 høgt! Det må vel vera ganske sterkt av ein mangekjemping? (TF)

Doping

Nordmenn hadde 24. mai høve til å sjå **Tiia Eeskivi** i aksjon i Florø der ho på 400 m hekk kom inn på finfine 56,52. Ho skulle også ha stilt i same øving på storstevnet i Oslo 4. juli.

Tiia kom til Oslo, men stilte ikkje til start – på grunn av ryggplager, vart det sagt. Knappt to veker seinare vart det kjent at ho hadde gitt positiv dopingprøve alt i Florø og dessutan eit par veker seinare i Riga. (TF)

Fotball

Noreg vil vel seint gløyma kampen mot Finland på Ullevål 30. april i år då resultatet vart 1–1. Objektivt sett var det "uavgjort", men mentalt sett var det ein siger for det finske laget.

I det finske angrepet spelte mellom anna proffen **Jonatan Johansson**. Før Noreg gjekk på uavgjort nederlag, tykte den norske fansen det var nærmast ein vits at Johansson var proff i Estland. Og sant nok, det står vel ikkje same glansen av ein proff frå Estland som av ditto spelarar frå engelske, tyske og italienske klubbar. Men etter kvart skal me sjå opp for Estland også som fotballnasjon – om det går slik **Aivar Pohlak** vil.

Aivar Pohlak er prisbelønna barnebokforfattar frå Tallinn, men veit likevel at profesjonell fotball ikkje er nokon barnemat. Det er hard bisnis for store fiskar – *business of big sharks*. Etter eigen karriere i estisk og sovjetisk toppfotball og med studium på handelshøgskulen i Tallinn starta han 1990 fotballklubben **FC Flora** i Estlands hovudstad.

Etter sju år har Flora no to lag med til saman meir enn 50 profesjonelle heiltids spelarar. Trenerar for førstelaget er islendingen **Teitur Thordarson**. I tillegg har klubben 29 andre trenarar i heildagsstilling. Pohlak og Flora satsar på juniorfotballen. Klubben har 3000 juniorspelarar rundt omkring i landet.

Målet for Aivar Pohlak er å få FC Flora opp i den europeiske eliten. Skall han nå det målet, er det viktig å hevja det generelle nivået på klubbfotballen i Estland. Før Estlands nye sjølvstende arbeidde Pohlak m.a. også

ei tid som lærar i estisk. I fotballen går han likeins inn for det estiske og klør etter å tukta russarane. Regjerande estlandsmeister i fotball er nemleg den russiske klubben FC Lantana.

Pohlak finansierer verksemda med forretningsverksemd. Han formidlar fjernsynsrettar og spelarar på ein internasjonal marknad. Mellom anna sit han på fjernsynsrettane til nesten all fotball i Asia.

(Helsingin Sanomat 1.7.97, TF)

Meir fotball

Det internasjonale fotballforbundet FIFA gir med korte mellomrom ut rankinglister over fotballnasjonane. Tabellen i juli viste tilbakegang både for Noreg og Estland. Noreg har vist tilbakegang i lang tid og har no hamna på 16. plass. Estland fall eitt hakk til plass nummer 100.



Exlandia

Foreløpig trøster Estland seg med Partnerskap for fred og utsiktene til EU-medlemskap. Som kjent samarbeider Norge og Estland som fredsbevarere i Bosnia.

I juli holdt Nato en øvelse på Island der soldatene lekte at det hadde vært en stor naturkatastrofe. Estland sendte 48 mann – den største kontingenten fra noe deltakerland.

Omtrent på samme tid holdt fredspartnere en annen øvelse på halvøya Pakri, dvs. i og omkring byen Paldiski fem mil vest for Tallinn. Paldiski var under den lange okkupasjonen sovjetisk marinebase. Nå bor det om lag 5000 mennesker der. Av disse er 90 % tidligere sovjetiske militære og deres familier.

Området ble for anledningen kalt Exlandia. En norsk avdeling deltok blant de tre tusen militære fra åtte land – tre baltiske, fire nordiske pluss USA. Sin vane tro nektet Russland å delta selv om også dette landet er medlem av Natos partnerskap for fred. Den største kontingenten til øvelsen "Baltic Challenge 97" kom fra USA som stilte med 1400 mann.

Russerne ville hatt fordelene av hjemmebane. Øvelsene ble nemlig holdt i de kasernene de etterlot seg – nærmest i ruiner – da de ble trukket ut av Estland. Blant annet fikk soldatene trening i å rydde bort miner av amerikansk og russisk merke. Førstehjelp under vanskelige forhold var en viktig del av programmet. (TF)

Den første i sitt slag !

Turid Farbredd - Gennadi Jagomägi

Eesti-norra sõnastik

Estisk-norsk ordliste

Ordlista inneheld om lag 5 000 oppslag, mange eksemplar, ein grammatikkdel og ein kort parlørdel.

Norslaget i Tartu får ein viktig del av eksistensgrunnlaget sitt frå salet av denne ordlista. Prisen for eit eksemplar er NOK 100, men det blir gitt rabatt for store bestillingar. Heile overskotet etter at forlaget har fått sitt, går til Norslaget i Tartu.

Ta kontakt med agenten:


Tlf. fra Noreg:

00 358 9 477 1 488

Turid Farbredd

Gränvegen 14 A 36

00270 Helsingfors



EEK fem år

Ved jonsøktider i sommar var det fem år sidan Estland gjekk over frå rubel og kopek til kroon og sent.

Overgangen skapte sjølv sagt mykje liv og røre. Då det vart klart at ein berre kunne veksla 1500 rublar, begynte dei rikaste ei hektisk hamstring for å gjera rublane om til varer.

Å ta krona i bruk kravde eit skipertak av heile folket. 16 000 personar, eller drygt 1 % av folket var engasjert i prosessen. Alle måtte i førevegen registrera seg som pengevekslarar på heimstaden og nesten halvannen million skreiv seg inn. Vekslingsverdien var ein til ti slik at ein maksimalt kunne få 150 kroner.

Med kronene i handa storma folk til butikkane. Det hadde gått rykte om at kjøpmennene gøymde unna varer som først ville bli til sals for kroner.

Heilt frå starten av har den estiske krona vore bunden til den tyske marka i høvet åtte kroner for ei mark.

Mange har spådd at krona ville bli devaluert, men hittil har ikkje det skjedd, den estiske krona har greidd presset i fem år no. Eigenleg var ho i utgangspunktet devaluert slik at ho hadde ein del å gå på. Inflasjonen i Estland har vore stor, men likevel minkande. I 1995 var inflasjonen om lag 40 %, i 1996 23 %, og for i år reknar ein med drygt 15 %.

Eit betre bilete får ein ved å samanlikna prisane. Eit brød kosta for fem år sidan ei krone, no sju; ein liter mjølk 90 sent, no fem kroner; ei avis 40 sent, no seks kroner.

I 1996 la turistane igjen seks milliardar EEK, og like mykje kapital

trøymde inn i form av utanlandske investeringar. Investeringane er hittil femdobla i EEK-perioden. Samtidig hadde handelen med EU- og EFTA-land gått opp frå 4,8 til 39 milliardar EEK.

(TF)

Konkurs-ras

Til hausten er det venta tusenvis av konkursar i Estland. Regjeringa vil få vekk alle dei verksemdene som ikkje har meldt seg i handelsregisteret innan 1. september.

Ein ventar at 45 000 vil registrera seg, og av desse kan om lag halvparten koma til å gå konkurs.

Det er i Estland ca. 40 000 verksemdar og ca. 34 000 som berre eksisterer på papiret. Fram til 1. juli hadde berre 21 516 registrert seg. Ein reknar at eit foretak er verksamt om det betaler skatt og legg fram rekneskap.

Når den to år lange registreringsperioden i haust går ut, vil lysingsbladet kunngjera lister over dei som ikkje har levert søknad om registrering. Dersom dei ikkje har gjeld, vil dei rett og slett bli storkne. Har foretaka gjeld, vil kreditorane få rett til å krevja dei slått konkurs.

(HeSa 2.7.97 TF)



Utan representasjon

Organisasjonen for urepresenterte nasjonar og folk (Unrepresented Nations and Peoples Organisation) hadde den årlege samkoma si i midten av juli – denne gongen i Estland.

Organisasjonen har 50 medlemmer i ulike delar av verda og føremålet er å hjelpe folkeslag til å bli sjølvstendige. Fem av dei folka som var med på å skipa organisasjonen i Haag 1991, har sidan oppnådd sjølvstende: Estland, Latvia, Georgia, Armenia og øyriket Palau i Stillehavet. Medlemmer som blir sjølvstendige, er pliktige til å støtta organisasjonen.

Konferansen som følgde årsmøtet, vart avslutta i Tallinn 23. juli. Den hadde som tema "Konflikt og vald". Utsendingar for ulike folkeslag drøfta spørsmålet om vegen til sjølvstende var mogleg utan valdsbruk. Estland vann sjølvstendet sitt utan at det flaut blod. Representantane frå Tsjetsjenia var derimot overtydde om at væpna kamp var den einaste vegen.

Til organisasjonen høyrer mange folk i den tidlegare Sovjetunionen, men også amerikanske indianarstammar, australske aboriginar og mange folkeslag i Sørøst-Asia, slik som folket på Aust-Timor. Tibet er eit viktig område, og arrangørane venta i det lengste at Dalai Lama skulle dukka opp. (Han vitja Estland i oktober 1991 og det står eit minnesmerke på breidda av Pühajärv ved Otepää der han velsigna Estland og det estiske folket.)

Dalai Lama heldt seg denne gongen borte fordi Estland samtidig hadde offisielt besøk av den kinesiske viseutanriksministeren. I staden kom

tanriksministeren i den tibetanske eksilregjeringa.

Organisasjonen gjekk inn for i neste omgang å støtta sjølvstendet for Tsjetsjenia, Tataria, Ingusjetia, Abhasia og Saha (Jakutia). Blant medlemmene er det fleire finsk-ugriske folk, slik som ingermanlendingar, mariar og komiar, men dei drøymmer førebels ikkje om sjølvstende.

Heilt frå starten av har Estland spela ei viktig rolle og den første leiaren for UNPO var estaren **Linnart Mäll**. Hovudkvarteret ligg i Haag. Dessutan er det eit austleg senter i Tartu og eit vestleg senter i Washington.

Grannen i aust er irritert over den estiske støtta til "separatistane" i Russland, og USA er vel heller ikkje særleg oppglødd over sjølvstendestrevet til siouxindianarane. Kinas haldning til Tibet er velkjend.

Estland har ein naturleg sympati for små og undertrykte folk samtidig som landet sjølv kavar for å bli medlem av Nato og EU. Begge stader er det land med urepresenterte folkeslag, f.eks. kurdarane i Tyrkia, ungararane i Romania, albanarane i Hellas osv. Situasjonen krev stor balansekunst av estarane.

Noreg kan sukka letta, for – så vidt Estlandsnytt veit – er verken samane eller bergensarane medlemmer av UNPO. For Sverige er det verre. Til organisasjonen høyrer nemleg ei gruppe som vil frigjera Skåne frå svensk velde.

(TF)

Forskjell på folk

Opphevelsen av visumtvangen fra 1. mai i år mellom på Estland på den ene sida og Norge, Sverige, Finland på den andre, har ført til en viss økning i trafikken. Tallet på estere har likevel økt mindre enn ventet. På ferjene mellom Estland og Finland utgjør fortsatt finnene minst 90 % av passasjerene.

I den finske passkontrollen tar det gjennomsnittlig 12 sekunder å behandle et finsk pass mens esteren får vente et helt minutt.

Finnene sjekker ofte at esterne har returbillett og/eller penger til deknning av oppholdet. Noen estiske ungdommer som ville tjene en slant på jordbærplukking i Finland er avvist i havna fordi de manglet arbeidstillatelse.

Det er også avvist forbrytere og prostituerte, og myndighetene forsikrer at det er ikke nok å se ut som en forbryter eller en protistuert. En estisk elektriker som ville feriere i Finland, ble sendt tilbake fordi bagasjen bestod av den typen verktøy som blir benyttet ved bilinnbrudd. Ei russisk kvinne ble avvist på språklige indisier. Hun kunne ikke annen finsk enn det hun dreiv og pugga fra ei russisk-finsk ordliste med et ordforråd som bare kunne ha relevans i utøvelsen av prostitusjon. Utseendet talte i samme retning, og da hun dessuten manglet finsk arbeidstillatelse, var det lett å finne en formell begrunnelse for avvisning.

I prinsippet kunne den estiske grensevakta også kreve at de tilreisende skulle bevise sin økonomiske evne, men i praksis blir det nesten aldri gjort. I stedet har Finlands konsulat i Tallinn

fått et økende antall pengeløse finner å sende tilbake til hjemlandet på offentlig bekostning. (TF)

Toll

I omtalen av Estlands nye regjering nevnte vi i forrige nummer av Estlandsnytt den ekstremt liberale handelspolitikken som har satt jordbruksproduzentene i en vanskeligere posisjon enn noe annet sted i Europa.

Utlendingene blir unektelig ganske forundret over hva som er til salgs i estiske butikker. I det gamle landbrukslandet er denne primærnæringen nå nede på 7 % av BNP. En paradegren var husdyrhold og melkeprodukter, men i butikkene flommer det av finsk jogurt, tysk fløte, latvisk iskrem osv.

Spørsmålet om vernetoll på jordbruksprodukter er fortsatt en het potet. Den liberale holdningen var en av årsakene til at Estland var EU-aktuell, men presset for å få en forandring øker og står igjen på dagsorden når nasjonalforsamlingen trer sammen etter sommerferien. (TF)



Bladhus

Det finst visstnok om lag 500 Narvesen-kioskar i det vidstrekte landet vårt. Det som i Estland nærast svarar til Narvesen, er Lehti-Maja Eesti. Firmaet hadde 39 kioskar i Tallinn og Pärnu.

No utvidar Lehti-Maja ("Blad-Huset") verksemda til andre delar av landet. Det vart nyleg innkjøpt 66 kioskar slik at samla tal kom opp i 105. Ikkje så dårleg det i vesle Estland! Samtidig blir det oppretta eige sentrallager i Tallinn.

Lehti-Maja er eigenleg eit dotterselskap til det finske Rautakirja som i Finland har om lag 750 kioskar. (TF)

Tidsskriftfloraen

Dei seks sjølvstendeåra i Estland har sett ei rivande utvikling når det gjeld utgiving av aviser og tidsskrift. I perioden frå 1. januar 1995 til 1. mai i år kom det totalt ut 368 ulike tidsskrift. Flest – 297 – var det i 1995. Skilnaden på desse tala viser at publikasjonane ofte er kortvarige initiativ som ikkje har lang levetid i den stadig hardare konkurransen.

Nedgangen i talet kan ein sjå som ei stabilisering av marknaden der dei økonomisk og fagleg best funderte overlever. I mai 1997 kom det 234 tidsskrift – 201 på estisk, 20 på engelsk og 13 på russisk. Berre 140 var tidsskrift i vår forstand ved at dei var registrerte med ISSN-kode.

Blant avisene held den tradisjonssrike Postimees leinga på sikker førsteplass med nesten dobbelt så stort opplag som nummer to. (TF)

Studier i utlandet

Over 700 estere studerer ved forskjellige utenlandske universiteter. De største kontingentene finner vi i Helsingfors og Kuopio i Finland. Deretter følger universiteter i Russland, USA, England, Tyskland og de nordiske land.

I Estland finner vi ca. 660 utenlandske studenter. Flest kommer det fra Finland – nesten 300. Andre kommer f.eks. fra Latvia, Litauen, Sverige, USA, Danmark, Tyskland og fra de finske-ugriske folkestammene i Russland.

Utlendingene studerer først og fremst medisin, estisk språk, historie og kultur, germanske og romanske språk, mediekunnskap og økonomi.

Nordmannen **Tor Tveite** vendte i sommer hjem etter språkstudier i Tartu. Estlandsnytt håper å komme tilbake med noen av inntrykkene og erfaringene han gjorde. (TF)

Vi gratulerer!

Den norske professor **Olav R. Skage** er kreert til æresdoktor ved landbrukshøgskolen i Estland. Skage har siden 1978 virket som professor ved Institutionen for landskapsplanlegging i Alnarp. Han fikk utmerkelsen for internasjonalt anerkjent arbeid innen fagområdet og for å ha hjulpet ved utdannelsen av landskapsarkitekter i Tartu. (Aftenposten 3.7.97, TF)

Takkespalta

Takk for hjelp med transport av estiske bøker fra Helsingfors til Oslo (25.5.97) går til følgjande dugnadsvillige estlandsvenner: **Helgi Haraldsson, Marit Hovdenak, Laurits Killingbergtrø, Erik Simensen, Lars Vikør** og **Dagfinn Worren**. Er det tilfeldig at dei er leksikografar alle saman? Dei er vane med store bøker og tunge bærer. (T.Farbregd)

Med tid og stunder bør Estlandsnytt ta opp i større breidde verksemda til **Ingar Asbjørnsen** frå Ålesund. Her og no takkar me han for all hjelpa han har gitt til ei eldre dame i Tartu som etter kreftoperasjon i magen har levd med utlagd tarm. Lesarar med fantasi kan prøva å førestella seg kva dei ville gjort med det problemet i eit land der det ikkje er råd å få tak i kolostomiposar. Takk, Ingar! (T. Farbregd)

Brubygging

Narvaelva danner i nordøst Estlands grense mot Russland. Brua over elva bærer fortsatt det gamle navnet, "Vennskapsbrua". Den er gammel og smal, og den ligger midt i Narva by.

Her går imidlertid en betydelig del av transporten fra estiske havner til Russland. Den tunge trafikken gjennom sentrum av Narva er til stor sjenanse, så det er mange grunner for å bygge ei ny bru.

Myndighetene på russisk side gav negativt svar på Estlands initiativ til forhandlinger om felles brubygging. Russerne var likevel imøtekommende nok til å gjøre det klart at om esterne så ønsket, fikk de gjerne bygge og bekoste

både brua og de nødvendige tilknytningsveiene på russisk side.

Da Sovjetunionen gikk over i historia, var Russland ivrig etter å markere seg som arvtaker og gjøre krav på alle rikdommer og rettigheter som hadde tilhørt Sovjet. Gjeld og forpliktelser overfor utlandet var en annen sak.

I strevet for å få endene til å møtes foreslo Jeltsin i juli overfor president Ahtisaari at Finland og Russland skulle gå sammen om grenseovervåkinga mellom de to landa. Dette skulle gi store besparelser, mente han, men forslaget ble kontant avvist fra finsk side. Russerne har imidlertid sin form for sisu og Jeltsin stilte i utsikt at han vil ta spørsmålet opp på nytt under Ahtisaaris besøk i Moskva i høst. (TF)

Bankar

Dei tre største bankane i Estland er samtidig dei tre største i Baltikum: Hansapank (7048,40 mill EEK), Eesti Hoiupank (6219,60 mill EEK) og Ühispank (6122,30 mill EEK). På fjerdeplass kom den største litauiske sparebanken (4822,54 mill EEK).

Ved inngangen til sommaren var det 57 bankar i Baltikum, av desse 14 i Estland, 31 i Latvia og 12 i Litauen. Kursen på bankaksjar har i løpet av sommeren gått sterkt opp i alle tre land. (EestiPl 16.7., Hbl 30.7.97, TF)



Fengselsstandard

Hvor er det panel av edeltre på veggene? Hvor sitter en i skinnmøbler og ser fargefjernsyn via parabolantenne mens en drikker øl fra eget kjøleskap og innimellom gir en ordre per mobiltelefon til sine håndgangne menn ute i felten?

Inspeksjonen fant i juni ut at alt dette var mulig i det beryktete Patereifengslet i Tallinn. De rikeste forbryterne hadde bestukket fengselssjefene og på egen bekostning innredet cellene sine med all den luksus en kan få for penger og finne plass til innenfor de rammene fengselsveggene setter.

De to flotte bilene (Mercedes 280) som stod parkert på gården, var eid av mafiaen, men ble disponert av direktøren og økonomisjefen for fengslet. Begge to ble sparket fra jobben.

Slike celler for "eliten" ble funnet også ved andre fengsler. Frykten for represalier vil avgjøre hvor langt myndighetene våger å gå når det gjelder å bryte opp dette systemet. Elitefangene roser seg av å ha påkostet fengslene store summer fra egen lomme, noe alle bør vise forståelse og takknemlighet for. Dessuten var de bekymret for å havne blant "kriminelle" om de måtte ut av luksuscellene sine. (TF)

Arbeidsløysetrygda

For å overleva i Estland er det rekna ut at det trengst EEK 460 per måned. Minimumslønna er EEK 845. Sidan 1. juli 1996 har arbeidsløysetrygda lege på EEK 240 som på det tidspunktet var 85 % av eksistensminimum. Fagorganisasjonen krev EEK 1200 som minimumslønn frå årsskiftet.

Når ILO krev at arbeidsløysetrygda skal vera minst halyparten av minimumslønna, skulle det bety ei trygd på EEK 600 i månaden. Ei estisk krone svarar for tida i norske pengar til ca. 55 øre. (TF)

Kjønssjukdommer

I Estland har en de siste par åra kunnet merke en tydelig oppgang i tilfeller av kjønssjukdom. Blant kvinner er det daglig fire nye tilfeller, melder doktor Niina Tsjernyj ved sjukehuset for hud- og kjønssjukdommer i Tallinn.

Mest utsatt er kvinner med menn som arbeider i Russland eller Ukraina. Den typiske kvinnelige pasienten er i overkant av 20 år og har låg utdanning. Tjue prosent av de kvinnene som kommer til behandling, forteller at de arbeider som prostituerte.

De mannlige pasientene er likevel i flertall i forholdet – tolv til ti. De vanlige sjukdommene er syfilis, gonoré, klamydia og herpes. Det er ikke registrert noen nye HIV-tilfeller i det siste.

(*Õhtuleht* 17.7.97, TF)

Brennevin

Privatiseringa av næringslivet er i ferd med å nå Liviko og den statlege brennevinsproduksjonen. Staten sel ut sine eigarinteresser i etappar som betyr at mot slutten av 1998 vil Liviko vera heilt på private hender.

Liviko avslutta fjoråret med ein nettogevinst på 24,2 mill EEK. Årsomsetjinga var på 512 mill EEK. Prognosen for i år kalkulerer med 39 mill EEK i nettoforteneste. (TF)

Rabies

Sammenliknet med fjoråret har Estland i år sett en fordobling i antall rabiestilfeller. I løpet av årets fem første måneder ble det funnet 59 dyr med rabies. Det er ventet fortsatt økning, for det er mange hjemløse hunder og katter som streifer omkring i skogene. For eksempel etterlot de russiske militærtroppene mengdevis av hunder som siden bare har måttet klare seg så godt de kan på egen hånd.

Først og fremst er det rev og mårhund som sprer rabies. Når ville dyr med rabies kommer i kontakt med husdyr, sprer sjukdommen seg fra skogene til bosetningsområdene.

(*Helsingin Sanomat* 8.7.97, TF)

Skatt?

Før bystyret i Tallinn tok fatt på sommarferien gjekk det samrøystes inn for eit vedtak som vart sendt over til nasjonalforsamlinga (Rigikogu). Bystyret vil ha innført anten ei turistavgift eller ei salsavgift for å få pengar i bykassa. Begge alternativa ville gi ei innkome på 60 mill. EEK kvar.

Eit eventuelt vedtak i nasjonal-forsamlinga vil kunna setjast i verk frå juli 1998. Turistavgifta treng ei loven-dring medan salsavgifta er mogleg med heimel i gjeldande lover. (TF)

Fri- og helgedagar i Estland

- 1.1. nyårsdagen.
- 24.2. nasjonaldagen til minne om sjølvstendeklæringa 1918. langfredag.
- 1.5. internasjonal arbeidardag
- 23.6. sigersdagen til minne om slaget ved Võnnu i fridomskrigen 1918.
- 24.6. jonsokdagen.
- 25.12. første juledag.
- 26.12. andre juledag.

Andre minne- eller merkedagar:

- 6.1. trettande dag jul.
- 2.2. Freden i Tartu 1920 mellom Estland og Russland. morsdag andre søndag i mai.
- 14.6. sorgjedag til minne om deportasjonane 1941.
- 20.8. den nye sjølvstendeklæringa 1991.
- 2.11. allehelgensdag. farsdag i november.
- I tillegg kjem påske, pinse og andre allmenne europeiske kyrkjehøgtider.




TIME Travel

Vi flyr med Finnair

til
**Tallinn, Riga, Vilnius,
St. Petersburg og Moskva.**

Vektortorget, P.boks 374
N-2001 Lillestrøm
Tel.: 63 80 05 90
Fax: 63 80 09 50

Spesialist på Russland (SUS)/Baltikum
Feriereiser • Forretningsreiser • Gruppereiser • Spesialarrangement • Lavpris flybilletter



Rådhuset i Tartu med den berømte steinbrua over Emajõgi. Brua ble bombet i 1941, men ildsjeler samler inn penger for å få den gjenoppbygd.

Adresser og telefonnummer

Når ein ringjer til **Estland frå Noreg**, skal ein først tasta 00-372. Så legg ein til innanlandsk estisk retningsnummer (2 eller 6 for Tallinn, 7 for Tartu osv.). Til slutt abonnentnummer. Tallinn kan vera litt forvirrende på grunn av overgangen til digitalnummer og samtidig frå seks- til sjuifra nummer. Dessutan nemner folk same typen nummer på ulike måtar, f.eks.: 123-456 eller 2-23-456.

Pass på når du kjem til Estland å kjøpa eit **kort til telefonautomaten** – om du har tenkt å ta telefonisk kontakt. Du får slike kort i alle kioskar og i ulike prisklassar frå EEK 30 og oppover.

Når ein ringjer **frå Estland til Noreg**, skal ein først tasta 8 og venta på summetone. Deretter taster ein 00-47 og det norske abonnentnummeret på åtte siffer.

Når ein ringjer **rikstelefon innanfor Estland**, skal ein likeins først tasta 8, venta på summetone og deretter tasta innanlandsk retningsnummer, Tallinn 2(2) eller 2(6), Tartu 27, Pärnu 244, Viljandi 243, Saaremaa 245, Haapsalu 247 osv.

I norske adresser er rekkjefølgja personnamn, gate, by, land. Sovjetisk (og tysk) vis var land, by, gate, person. Mange estarar blandar desse måtane slik at det for oss ser nokså kaotisk ut og vi er usikre på kva som er kva. Det er den nordiske måten som vinn fram i Estland etter kvart.

Estlandsnytt tek ikkje ansvar for eventuelle feil i lista. Redaksjonen ber lesarane hjelpa til med ajourføring og

komplettering og vil vurdere kva tid eller kor ofte lista skal koma på trykk. (TF)

Adresser i Estland:

Kgl. Norsk Ambassade (Norra saatkont), Pärnu mnt. 8, tlf. 6-31 30 03.

Ambassadør: Kai Lie.

Nordisk ministerråds informasjonskontor (Põhjamaade ministrite nõukogu infobüroo), Pikk 11, EE 001 Tallinn, tlf. 6-406 626, faks 6-406 622.

Nordisk ministerråds informasjonskontor (Põhjamaade ministrite nõukogu infobüroo), Raekoja plats 8, EE 2400 Tartu, tlf. 7-433 944.

Eesti instituut, Suur-Karja 14, Postkast 3469, EE 0001 Tallinn, tlf. 6-314 355, faks 6-314 356.

Eesti-Norra Selts (Estisk-norsk foreining), leiar Eha Vain. Adresse og telefonnummer: sjå Nordisk ministerråds informasjonskontor i Tallinn.

Tartu norra selts (Norsklaget i Tartu), lagsleiar Gennadi Jagomägi, Raekoja plats 8, EE 2400 Tartu, tlf. priv. 428 675, ktr. 435 247.

Løssalgspis kr.15,-

**Retur av bladet til
Harald Ryeng,
2162 Brårud.**

Adresser i Noreg:

Estlands ambassade, Oscarsgate 26 B,
0244 Oslo, tlf. 22 59 98 02. Chargé
d'affairs Enno Turmen.

Eesti Selts Norras (Det estiske selskap i
Norge). Leiar og adresse: Tiiu An-
derson, Ingierkollveien 45, 1410
Kolbotn, tlf. 66 80 87 40.

Estlandsforeningen i Rogaland, Postboks
581, 4001 Stavanger. Leiar: Harald
Hamre, Bjaalandsgata 2 F, 4016 Sta-
vanger, tlf. ktr. 51 52 60 35,
priv. 51 52 23 48.

Foreningen Norge-Baltikum (NoBa).

Leiar og adresse: Magnar H.
Enebakk, Sommerveien 18, 1433
Vinterbro Tlf. 64 94 62 91
Faks 64 94 64 64

NORSK-ESTISK FORENING

(Norra-eesti ühing):

Leder Svein Hagelund, Dalsåsen 102,
1285 Oslo Tel./ fax 22 75 14 26. Alle
henvendelser om foreningssaker rettes
til lederen. Henvendelser angående
medlemsskap (innmelding, adresse-
forandring, utmelding) rettes til

**Harald Ryeng, 2162 Brårud.
NEFs postgirokonto
0814 228 1830**

MEDLEMSSKAP I NORSK-ESTISK FORENING

JA - JEG VIL BLI MEDLEM - SEND MEG INNMELDINGSGIRO

SENDES TIL:

NORSK-ESTISK FORENING

C/O HARALD RYENG, 2162 BRÅRUD

NAVN:

ADRESSE:

POSTNR./STED:

NY ADRESSE VED ADRESSEFORANDRING:

☐ Hovedmedlem kr. 100,-

☐ Student/pensjonist kr. 60,-

Kryss av for type medlemsskap